



Nyheitsbrev for helsefelleskap er laga for at helsefelleskapa skal kunne dele nyheiter og prosjekt med kvarandre samt datoar og informasjon om aktuelle møte og konferansar. Nyheitsbrevet inneheld òg informasjon og nyheiter frå Direktoratet for e-helse, KS, RHF-ane og Helsedirektoratet. **Vi planlegg å sende neste nyheitsbrev i februar, og fristen for innspel er 01.02.23.** Innspel eller andre førespurnader om nyheitsbrevet kan de sende til kathrine.syse@helsedir.no. Desember er nynorsk månad i Helsedirektoratet. Tekstane er difor skrivne på nynorsk.

Webinarserie "Heilskapleg pasientforløp"

Webinarserien "Heilskapleg pasientforløp" ser på korleis ein kan forbetre helsetenesta. Målet må være ei helseteneste som er pasientsentrert, koordinert, proaktiv og planlagd. Det må vere moglegheiter for å dele informasjon både internt i og på tvers av tenester.

Tema som blir tatt opp inkluderer e-hesløyser for samhandling, pasientsentrerte team, informasjonsdeling, bruk av kunstig intelligens i klinisk praksis, journalsystem, evaluering og implementering.

Webinarane om heilskapleg pasientforløp **blir sende på torsdagar i oddetalsveker, klokka 08.15–09.00.**

- [Tidlegare opptak og påmelding til framtidige webinarer finst her.](#)

Webinarserie "Digital heimeoppfølging"

Webinarserien "Digital heimeoppfølging" formidlar forskings- og erfaringsbasert kunnskap om digital heimeoppfølging. Denne digitale tenesta er ofte svært kompleks fordi han involverer fleire ulike aktørar innan helsetenesta, og ei vellykka innføring fordrar at alle partar endrar måten sin å jobbe på.

Webinarane om digital heimeoppfølging **blir sende på fredagar i partalsveker, klokka 08.15–09.00.**

- [Tidlegare opptak og påmelding til framtidige webinarer finst her](#)

Fleire webinarseriar og opptak finst her: <https://ehealthresearch.no/webinarer>

Ung Arena + Vestfold

Ung Arena +, der plussteiknet viser til ein integrasjon med spesialisthelsetenesta og eventuelt andre velferdstenester, er eit innovativt samhandlingsprosjekt i Vestfold med hensikt å skape integrerte tenester for ungdom i eitt tilbod. Tilbodet skal møte dei unge sine behov for å ha nokon å snakke med, til å kome med råd og rettleiing innan psykisk helse og rus, og leggje til rette for praktisk hjelp i ein fase av livet med store psykiske, fysiske og sosiale omveltingar.

I mai 2021 vedtok Strategisk samhandlingsutval å gjennomføre prosjektet med Tønsberg som pilotkommune. Erfaringane frå piloteringa vil gje ny kunnskap som kan ligge til grunn for eventuell utviding av partnerskapet og/eller vidare utrulling til dei andre kommunane i Vestfold.

Utviklinga av Ung Arena + Vestfold vil gå over ei periode på fem år.

Les meir her: [UNG ARENA + Vestfold - Kompetansebroen](#)

Samhandlingskonferanse om akuttkjeda i Vestfold

Helsefelleskapet i Vestfold arrangerte halvdags samhandlingskonferanse om samarbeid om akuttkjeda den 10. november 2022. Konferansen samla over 100 deltakarar med brei deltaking frå alle kommunar og ulike fagmiljø frå sjukehuset (prehospital, somatikk og psykiatri). Konferansen blei gjennomført som ein dialogkonferanse med korte førebudde innlegg og kasuistikkar som blei

Viktige datoar

Nasjonal helsekonferanse 2023
Torsdag 26. januar
Tid: kl.10.00 - 16.00

Samling for kommunale samhandlingskoordin atorar
KS Møtesenter, Oslo
Fredag 27. januar 2023
Tid: kl. 10.00-15.00



diskutert i grupper på tvers. Kasuistikkane tok utgangspunkt i tre vanlege problemstillingar som ein kan møte på legevakt og i andre akuttsamanhengar: fall, sjølvskading og infeksjon. Innspel frå deltakarane blei registrert fortløpande digitalt, og blir tatt med i vidare utvikling og forbetningsarbeid i Akuttutvalet, som er etablert i helsefelleskapet. Innleiarar og bidragsytarar vart lokale fagpersonar frå kommunar og sjukehus.

Helsefelleskapet i Vestfold nyttar [Samhandling - Kompetansebroen](#) for samhandling og deling av informasjon. Eiga nettside for Akuttkjedeutvalget i Vestfold skal bli oppretta.

Kontaktperson for meir informasjon er Runar Danielsen, rundan@siv.no

Trygg akuttmedisin gir betre samhandling når minutta verkeleg teller

Trygg Akuttmedisin, eit forbetningsarbeid i Troms og Ofoten, har resultert i nye samhandlingsprosedyrar for tre tidskritiske tilstandar: akutt hjarteinfarkt, hjerneslag og blodforgifting.

Rundt 600 medarbeidarar frå legevakt, allmennlegeteneste, heimeteneste, sjukeheim, ambulanseteneste, AMK og vaktlegar i sjukehus har deltatt på kurs og gjennomført praktiske øvingar saman. Deltakarane trekker fram auka kompetanse, fagleg tryggleik og samtrening på tvers som gevinstar.

Trygg akuttmedisin skal no i gong i heile Helse Nord. UNN har fått i oppdrag å leie arbeidet. For å lykkast må dette forankrast i helsefelleskapa og det blir etablert arbeidsgrupper i dei fire helsefelleskapsområda. Trygg akuttmedisin er eit vellykka samhandlingstiltak som gir helsegevinst og samkøyrde helsearbeidarar. Det er eit håp at forbetningsprosjektet Trygg akuttmedisin gjer tydelege forbetningar i målbare resultat, spesielt for pasientane i nord med akutt hjarteinfarkt. Alt håp er nemleg ute (prehospitalt) skal vi fange tidstjuvane!

For meir informasjon, sjå [Trygg akuttmedisin gir bedre samhandling](#) eller kontakt Stein Widding, stein.gunnar.widding@unn.no

DIPS på KAD

Å ha tilgang til relevant informasjon i pasientbehandlinga er ei utfordring for helsetenesta når pasientar får tenester frå fleire tenesteytarar. Saknet etter ei felles journal er stort. KAD-pasientar blir ofte innlagde frå legevakt, med lite bakgrunnsinformasjon.

For å dekke noko av behovet, har Sjukehuset Østfold inngått pilotavtale med KAD-Fredrikstad. Nokre legar og sjukepleiarar på KAD får lesetilgang til somatisk journal i sjukehuset sitt journalsystem DIPS. I personalportalen på sjukehuset blir medarbeidarane registrert med riktig tilgang, og innsyn blir loggført. Innsyn i DIPS baserer seg på samtykke frå pasientar som har hatt nyleg opphald på sjukehuset.

Vil du vite meir? Odd.Petter.Nilsen@so-hf.no

Helseplattforma er tatt i bruk

Det nye journalsystemet Helseplattforma blei tatt i bruk ved St. Olavs hospital natt til laurdag 12. november kl. 03:00.

Les meir her: [Helseplattforma er tatt i bruk - St. Olavs hospital \(stolav.no\)](#)

Nettstader

Fremtidsverktøyet 2040

[Fremtidsverktøyet 2040 - KS](#)

Frisklivssentralar:

[Frisklivssentralar - Helsedirektoratet](#)

Tilskot

[Lønstilskot for utdanning i avansert klinisk sjukepleie](#)

[Etablering og utvikling av kommunale frisklivs-, lærings- og meistringstilbod](#)

[Sekretariatsfunksjon for kommunane i helsefelleskap](#)

[Styrking av legevakttenesta i distriktskommunar](#)

Skriftlege innspel – Nasjonal helse- og samhandlingsplan

Regjeringa har starta arbeidet med Nasjonal helse- og samhandlingsplan som etter planen skal bli fremma hausten 2023.

Dei skriftlege innspela er publiserte og ligg her: [Skriftlege innspel - regjeringen.no](#)

Nytt frå Direktoratet for e-helse

Helsepersonell i kommunane anbefaler bruk av kjernejournal

Kjernejournal er ei elektronisk teneste som inneheld viktige opplysingar om innbyggjarane sin helse, og både innbyggjarane og helsepersonell har tilgang til informasjonen. Tenesta er tilgjengeleg på alle sjukehusa i Noreg, og er i gong med å bli brukt i sjukeheimar og heimetenester i kommunane.

Direktoratet for e-helse har spurt om helsepersonell i kommunale sjukeheimar og heimetenester finn kjernejournal nyttig. Svaret er krystallklart: 90 prosent opplever at informasjonen i kjernejournal er verdifull, og 95 prosent tilrår andre kommunar å bruke kjernejournal.

<https://www.ehelse.no/aktuelt/helsepersonell-i-kommunene-anbefaler-bruk-av-kjernejournal>

Mange høyringssvar til den nye nasjonale e-helsestrategien

Nasjonal e-helsestrategi er helse- og omsorgssektoren sin felles strategi for digitalisering, og skal bidra til tydelegare prioriteringar og auka gjennomføringsevne på e-helseområdet i Noreg. Han skal vere i tråd med politiske føringar og vere retningsgivande for aktørane sine eigne strategiar og planar på digitaliseringsområdet.

Direktoratet for e-helse har hatt forslag til ny nasjonal e-helsestrategi ute på høyring, og har mottatt 88 høyringssvar. Ein har no kome godt i gong med å gå gjennom alle innspela. Fleirtalet av aktørane som har sendt høyringssvar stiller seg bak strategien og støttar dei fem strategiske måla

han inneheld. Måla legg grunnlag for ei utvikling som set innbyggjarar, pasientar og pårørande i sentrum og bidreg til å gi helsepersonell ein enklare arbeidskvardag.

<https://www.ehelse.no/aktuelt/mange-horingssvar-til-den-nye-nasjonale-e-helsestrategien>

Nytt frå Helsedirektoratet

Publisert nasjonale faglege råd

Helsedirektoratet har publisert nasjonale faglege råd for digital heimeoppfølging av kronisk sjuke. Målet med dei faglege råda er å stimulere til implementering av digital heimeoppfølging som ein integrert del av helse- og omsorgstenesta i primær- og spesialisthelsetenesta.

Sjå nyheitssaka, og lenke til råda her: [Digital heimeoppfølging bremsar forverring i helsetilstanden for personar med kronisk sjukdom](#)

Spreiing av digital heimeoppfølging

I regi av nasjonalt velferdsteknologiprogram er det sett i verk spreieing av digital heimeoppfølging, som skal bygge på dei nyleg publiserte faglege råda (sjå over). Det blir stilt krav til samarbeid mellom kommunar, fastlegar og helseføretak. 15 prosjekt som omfattar 17 av 19 helsefelleskap er i gang.

[Tilskot for 2023](#) er lyst ut. Helsefelleskapa rundt Helgelandssjukehuset og Finnmarkssjukehuset blir særleg oppmoda til å søke. De finn presentasjon og opptak frå webinar, og intervju med ein fastlege som deler erfaringa si frå digital heimeoppfølging i lenka.

Kontaktperson: Siw.Helene.Myhrer@helsedir.no



Publisert rapport

15. september 2022 publiserte Helsedirektoratet rapporten *Flytting av spesialisthelsetjenester hjem Effekter for pasienter og primærhelsetjenesten*. **Rapporten kan de les her:** [Kartleggingsoppdrag Flytte tjenester hjem - Rapport](#)

Evaluering av FACT ung

Evalueringa av dei fyste FACT ung pilotane, peika på at både unge og deira pårørande opplevde å få god hjelp. Ungdommane opplevde mellom anna at FACT ung-teama er meir fleksible og tilgjengelege enn andre tenester dei har erfaring frå. Ungdommane hadde positive opplevingar av å bli følgt opp over tid og ikkje gitt opp. Då helse- og omsorgsminister Ingvild Kjerkol opna Nasjonal oppstartskonferanse for FACT ung 1. november, sa ho at tilbodet bør bli utvikla vidare, og at fleire bør få tilbod om FACT ung. **Les meir om evalueringa og sjå helseministeren sitt innlegg på temasida for FACT ung:** [FACT Ung - NAPHA Nasjonalt kompetansesenter for psykisk helsearbeid](#).

Nytt frå KS

[Framtidsverktøyet 2040 - KS](#)

Dei demografiske utviklingstrekka vil treffe ulikt i kvar enkelt kommune, avhengig av mellom anna flyttetraumar, næringsstruktur, storleik og kor sentrale dei er. KS har utvikla eit verktøy som skal hjelpe kommunane til å ta prioriteringar.

Utfordringane må bli møtt med ein kombinasjon av nasjonal politikk og lokal samfunnsutvikling, der lokalt politisk nivå må evne å utvikle meir langsiktig, berekraftig politikk, og utvikle nye måtar å skape velferd på saman med innbygarane sine, seier Gunn Marit Helgesen, styreleiar i KS.

Samling for kommunale samhandlingskoordinatorar 27. januar 2023

Kommunane erfarer at etablering av helsefellesskap krev samordning og koordinering frå kommunane sin side. KS inviterer til ei samling for samhandlingskoordinatorar som arbeider med helsefellesskap. Dette er erfaringsdeling for å styrke arbeidet med koordinering mellom kommunar. **Samlinga finn stad i KS Møtesenter kl. 10.00-15.00 i Oslo.**

Nasjonal helsekonferanse 2023

Torsdag 26. januar 2023, kl. 10.00 – 16.00, inviterer KS og Helse- og omsorgsdepartementet til fysisk Nasjonal helsekonferanse på Radisson Hotel Plaza Oslo. På denne årlege møteplassen vil helse- og omsorgsminister Ingvild Kjerkol og KS' styreleiar Gunn Marit Helgesen innleia dagen.

Hald av dato og tidspunkt, vi kjem tilbake til tema, program og påmeldingslenke.

Avtale skal gi fleire praksisplassar for helse- og sosialfagsstudentar

KS og regjeringa inngår ei samarbeidsavtale for å få fleire kommunar til å tilby helse- og sosialfagsstudentar praksis, da mangel på praksisplassar er ein flaskehals for å utdanne meir helsepersonell. For å få realisert auka opptakskapasitet er det høve for fleire praksisplassar mellom anna i kommunane. KS, Kunnskapsdepartementet og Helse- og omsorgsdepartementet skal vere pådrivarar for å få til meir og betre samarbeid mellom universitet, høgskular og kommunar. **Les meir her:** [Avtale skal gi fleire praksisplassar for helse- og sosialfagsstudentar - Nyheter, Helsepolitikk og helseøkonomi - Dagens Medisin](#)

[Gikk du glipp av dette?](#)

- [Pasientsikkerhetskonferansen 2022](#) legg ut opptak når det er klart
- **Leve heile Livet, Leve hele livet - kvalitetsreformen for eldre - Helsedirektoratet**
- [HelseOmsorg21-konferansen - Fremtidens helsetjeneste](#)